

# SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Ingunn Krosby  
Arkivsaksnr.: 16/121 - 1

Arkiv: K1 - 223, K2 - C00

## UTARBEIDING AV RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL NÆRMILJØ- OG FRILUFTSTILTAK OG REVIDERING AV KULTURMIDLANE

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Fagutval for kultur og folkehelse		

### Rådmannen si innstilling:

KUF-utvalet vedtar at ein ved tilskotsordning for nærmiljø- og friluftsliv skal prioritere søknadar som fyller slike kriterie:

- Styrker og stimulerer til (nye) aktivitetar/tiltak knytt til friluftsliv og nærmiljø for barn og unge
- Samarbeidar med andre private, og frivillige lag og organisasjonar om prosjekt/tiltak
- Organisasjonar som jobbar med barn/unge, driv målretta arbeid med integrering av personar med funksjonsnedsetting og flyktingar /innvandrarar.
- Utvikling/vedlikehald av nærmiljøanlegg (ikkje leikeplassar). Det er ein førutsetnad at anlegget er ope for almen fysisk og idrettsleg aktivitet. Det blir ikkje gitt tilskot til nye eller planlagde anlegg som er spelemiddelberettiga eller anlegg som skal rehabiliterast og er spelemiddelberettiga.
- Søkjar må legge ved naudsynt byggjeløyve

Tilskotsordninga skal ikkje gå til personleg utstyr, leige av lokaler eller til arrangementer.

Søknadar må innehalde beskriving av aktivitet, kostnadsoverslag og finansieringsplan. Ein førutset at prosjektet også kan realiserast utan kommunalt tilskot.

Søknadsfrist i 2016 blir 1. september, mens den for framtida blir på våren, til same tid som leikeplassar 1. mai.

KUF-utvalet vedtar enkel revidering av retningslinjer for kulturmidlar til lag og organisasjonar:

- Lokale frivillige lag og organisasjonar kan søkje midlar til lokale arrangement og tiltak retta mot barn og unge
- Samarbeidstiltak mellom lag og organisasjonar
- Spesielle tiltak/arrangement framfor generell drift

- Tiltak som er i samsvar med MOT sine retningslinjer
- Organisasjonar som jobbar med barn/unge, driv målretta arbeid med integrering av personar med funksjonsnedsetting og flyktningar /innvandrarar.

Utgifter til premiering, reise og opphald på ulike arrangement er ikkje berettiga støtte. Heller ikkje dekning av underskot i etterkant av arrangement.

### **Vedlegg:**

<b>Tittel</b>
SisteRETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL KULTUR verson II
Retningslinjer for kommunalt tilskot til kulturbygg
Tilskot til maritime føremål
Retningslinjer for Kulturprisen - ny
Retningslinjer for kulturstipend - rev.

### **Bakgrunn for saka:**

Ved budsjettbehandlinga i desember 2015 vart det vedtatt å auke KUF-utvalet si ramme med kr. 80 000. Midlane vart meint å nytte til nærmiljø- og friluftstiltak, og ved godkjenning av kulturbudsjettet var det difor føreslått å legge midlane til ansvar 46010 (anna kultur) funksjon 385 (andre kulturaktivitetar)

KUF-utvalet godkjente auka budsjetttramme i sak 005/16 slik:

*KUF-utvalet godkjenner auka budsjetttramme med kr. 80 000 på ansvar 46010 funksjon 385.*

### **Saksopplysningar:**

Utarbeiding av retningslinjer og søknadsfrist for den nye tilskotsordninga vil få innverknad på retningslinjer som er gjeldande for kulturmidlane i dag.

#### *Praksis for tildeling av kulturmidlar i Sula kommune:*

Kommunale tilskot skal fremme og stimulere aktiviteten i frivillige lag og organisasjonar og støtte kulturtiltak i regi av einskildpersonar og organisasjonar.

Sula kommune kan tildele tilskot berre etter søknad. Søkjarane kan vere einskildpersonar, frivillige lag eller organisasjonar.

Organisasjonar skal vere demokratisk oppbygd og opne for alle. Det er ei førutsetnad at organisasjonane aksepterar ordninga med følgebevis for funksjonshemma.

Ei utgreiing om kva midlane skal brukast til er ei føresetnad for ein eventuell tildeling.

Kommersielle tiltak/arrangement blir ikkje prioritert ved tildeling av tilskot frå kulturmidlane.

Interkommunale organisasjonar utan lokallag i Sula blir normalt ikkje tildelt tilskot.

Søknader skal skrivast på eige skjema.

Søkjarane må sende rekneskap, årsmelding og organisasjonen sine retningslinjer/vedtekter saman med søknad. Søknader utan slike vedlegg blir ikkje handsama.

Retningslinjer kan endrast av KUF-utvalet.

#### *Oversikt over tilskotsordningar og retningslinjer på kulturområdet:*

Retningslinjer for kulturmidlar og leikeplassar blir her lagt fram i saksframlegget då det har mest betydning for den nye tilskotsordninga. Andre retningslinjer finn ein i vedlegga.

Kulturmidlane:

Søknadene blir prioritert etter følgjande kriterium, vedteken i KO-utval, saknr. 049/05, revidert i saknr. 07/596 og 051/08:

- Tiltak for barn og unge
- Samarbeidstiltak mellom ulike lag og organisasjonar
- Spesielle tiltak/arrangement framfor tilskot til generell drift
- Tiltak som er i samsvar med MOT sine retningslinjer
- Lag og organisasjonar som jobbar mot spesielle grupper
- Tiltak/arrangement som legg til rette for, og stimulerar til auka aktivitet i friluft.

Søknad på eige skjema

Søknadsfrist: 15. september

Det er om lag 200 000 kroner til dette føremålet.

Tilskot til leikeplassar:

1. Søknad om kommunalt tilskot til leikeplassar skal skrivast på eige (elektronisk) skjema, og med dei vedlegg som er nemnde i skjemaet.
2. Søknad skal sendast inn av leiar
3. Anlegg som får kommunalt tilskot skal vere open for almen bruk. Eigiar kan lage nærare reglar for bruk av anlegget.
4. Søkjar har ansvar for at grunneigar har gjeve samtykke til opparbeiding. Der det ikkje er kommunal grunn skal leigeavtale føreligge.
5. Anlegget skal haldast vedlike på ein forsvarleg måte, og det kan ikkje seljast eller pantsetjast utan kommunalt samtykke. Misleghald av vilkåra gjev kommunen rett til å kreve tilskot heilt eller delvis betalt attende.
6. Anlegget skal fullførast i samsvar med søknaden.
7. Søkjar har ansvar for å innhente naudsynt byggjeløyve

Det er praksis å tildele midlar til leikeplassar der det har vore aktivitet og dugnadsarbeid. Synfaring blir gjort av utvalsleiar og kulturleiar/konsulent før tildeling.

Søknadsfrist: 1. mai

Det er sett av kr 50 000 til dette føremålet.

Underskotsgaranti/tilskot:

Sjå vedlegg.

Søknadsfrist 6 veker før arrangementet

Det er ikkje sett av ein særskilt pott til dette føremålet. Denne ordninga har det ikkje vore søkt på dei siste åra.

Tilskot til maritime føremål:

For retninglinjer sjå vedlegg.

Søknadsfrist 1. mars

Det blir innvilga kr 10 000 kvart år så lenge det er inntekter jf. vedtak i sak F-065/16.

Kommunalt tilskot til private kulturbygg:  
For retningsliner sjå vedlegg  
Søknadsfrist 15. september.  
Det er sett av kr 200 000 til dette føremålet.

Tilskot til 17. mai arrangement:  
Sjå saksframlegg i dette møtet om fordeling av 17. mai tilskot til krinsane.  
Søknadsfrist 2. april.  
Det er sett av kr 40 000 til dette føremålet

Kulturpris/stipend:  
For retningsliner sjå vedlegg  
Søknadsfrist 1. november  
Det er sett av kr 15 000 til kulturpris og kr 10 000 til kulturstipend.

Andre kommunale ordningar som skal til behandling i KUF-utvalet (men som ikkje ligg i kulturbudsjettet):

Kommunal garanti på investeringslån til lag og organisasjonar  
Kommunal forskottering på godkjente spelemiddelsøknadar

### **Vurdering:**

Tiltak retta mot friluftsliv vart lagt til dei «ordinære» kulturmidlane under ei revidering for nokre år sidan. Med utarbeiding av nye retningsliner i samband med dei friske midlane på kulturbudsjettet frå og med 2016, er det naturleg at dette punktet går ut av tilskotsordninga for kulturmidlar og inn i den nye ordninga, og at ein samstundes ser på retningslinene for kulturmidlane i sin heilheit.

### *Nærmiljø- og friluftstiltak:*

Siste kulepunkt under kulturmidlane har lagt vekt på tiltak som fremmar auka *aktivitet i friluft*. T.d. så har velforeiningar som steller til badeplassar og tilført sand på badeplassar fått tilskot. Det same har søknadar med vedlikehald av turvegar som Von-løypa og Taustu-løypa. Dette er tiltak som legg til rette for auka aktivitet og såleis vore vurdert som tilskotsberettiga. Men dette er like mykje støtte til vedlikehald av nærmiljøanlegg.

Det finnst eiga ordning med statlege spelemidlar for nye og planlagde nærmiljøanlegg eller anlegg som skal rehabiliterast, og kommunen har innført ei ordning med forskottering på spelemidlar. Den nye tilskotsordninga for nærmiljø og friluftsliv bør ikkje støtte slike tiltak/anlegg, anna enn ved generelt vedlikehald av anlegga.

Sula kommune har tilskotsordning til leikeplassar som også er å sjå på som nærmiljøtiltak/anlegg. Mange leikeplassar i dag utviklar seg til meir enn tradisjonelle leikeplassar, dei har anna utstyr enn berre disse, sklie og sandkasse. Nokre av leikeplassane blir også leikeplassar for dei litt større barna og ordninga kan ligge i grensen for den nye tilsotsordninga. Leikeplasssøknadane handlar likevel stort sett om vedlikehald og utstyr (normalt sett ikkje spelemiddelberettiga).

Skal leikeplassar og friluftsliv/nærmiljø vere to separate ordningar eller skal det vere ein? Administrasjonen vil føreslå at ein behald eiga ordning for leikeplassar då leikeplassar normalt sett er avgrensa til aktivitet for små barn. Den nye tilskotsordninga vil gjelde andre aktivitetar og nærmiljøanlegg, knytt til m.a. idrett, badeplassar og friluftsliv.

### *Forslag til retningslinjer:*

Ny tilskotsordning for nærmiljø og friluftsliv skal prioritere søknadar som fyller slike kriterie:

- Styrke og stimulere til (nye) aktivitetar/tiltak knytt til friluftsliv og nærmiljø for barn og unge
- Samarbeid med andre private, og frivillige lag og organisasjonar om prosjekt/tiltak
- Organisasjonar som jobbar med barn/unge, driv målretta arbeid med integrering av personar med funksjonsnedsetting og flyktingar /innvandrarar.
- Utvikling/vedlikehald av nærmiljøanlegg (ikkje leikeplassar). Det er ein førutsetnad at anlegget er ope for almen fysisk og idrettsleg aktivitet. Det blir ikkje gitt tilskot til nye eller planlagde anlegg som er spelemiddelberettiga eller anlegg som skal rehabiliterast og er spelemiddelberettiga.
- Søkjar må legge ved naudsynt byggjeløyve

Tilskotsordninga skal ikkje gå til personleg utstyr, leige av lokaler eller til arrangementer.

Søknadar må innehalde beskriving av aktivitet, kostnadsoverslag og finansieringsplan. Ein førutset at prosjektet også kan realiserast utan kommunalt tilskot.

Søknadsfrist i 2016 blir 1. september, mens den for framtida blir på våren, anten til same tid som leikeplassar 1. mai, eller gjerne tidlegare, t.d. 2. april.

### *Kulturmidlar:*

Eksisterande kulturmidlar har i hovudsak gått til drift i organisasjonane; instrument, utstyr, arrangement, mindre utviklingsprosjekt. Ved friske midlar til nærmiljø- og friluftstiltak så blir siste punkt i eksisterande retningslinjer tatt ut og samtidig blir ei enkel revidering av retningslinjene gjort.

### *Forslag til retningslinjer:*

Tilskotsordning for kulturmidlar skal prioritere søknadar som fyller slike kriterie:

- Lokale frivillige lag og organisasjonar kan søkje midlar til lokale arrangement og tiltak retta mot barn og unge
- Samarbeidstiltak mellom lag og organisasjonar
- Spesielle tiltak/arrangement framfor generell drift
- Tiltak som er i samsvar med MOT sine retningslinjer
- Organisasjonar som jobbar med barn/unge, driv målretta arbeid med integrering av personar med funksjonsnedsetting og flyktingar /innvandrarar.

Utgifter til premiering, reise og opphald på ulike arrangement er ikkje berettiga støtte. Heller ikkje dekning av underskot i etterkant av arrangement.

Avsnittet om praksis for tildeling av kulturmidlar i Sula kommune blir framleis gjeldande for begge ordningane.

Anne-Grethe Skjærseth  
Kommunalsjef kultur og oppvekst

Ingunn Krosby  
Einingsleiar